



Høyringsvar til Hol kommune - Kommuneplan arealdel 2024 – 2036

Naturvernforbundet i Hallingdal (NiH) vil med dette kome med innspel til dette planforslaget. Nedanfor har me lista opp merknader til planen.

- 1) Naturvernforbundet i Hallingdal vil framheve at den **samla belastninga** for villreinen i fjellområda i Hol må vektleggjast tungt i samband med nye utbyggingar i kommunen 2024- 2036, jmf Naturmangfaldslova § 10. Me vil også vise til den omfattande rapporten som vart lagt fram 29.04.25 av Sogn Naturforvaltning. Denne rapporten viser at belastninga på villreinen både på Hardangervidda og Nordfjella, er svært stor p g a den store utbygginga som alt har vore. Den planlagte utbygginga som no er foreslått i dette planforslaget vil berre forsterke denne negative utviklinga for villreinen. I tillegg kjem tomtereserven som endå ikkje er realisert og som ikkje er konsekvensutgreia ut frå ny kunnskap om villreinen.

For områder i Nordfjella som Hallingskarvet sør og aust og Bukkehallin og for Hardangervidda ved Ustetind er konsekvensane av den aukande ferdselen inn i leveområdet for villreinenfor sær negative. Det at begge villreinområdene har fått dårlig status etter kvalitetsnormen, er med på å understreke alvoret i situasjonen for villreinen. Som ein konsekvens av dette, meiner me at alle planer om å byggje nye fritidsbustader i Hol kommune må setjast på vent inntil vidare. Det same må den store tomtereserven, og denne må planvaskast.

Nye og etablerte **ferdselårer inn i leveområda** for villreinen må stengajast ned eller leggjast utanfor villreinområde. Turisthytter i villreinområda bør også stengjast ned samt at all kiting i desse områda må opphøyre.

- 2) Som følgje av punkt 1) ovanfor, er me svært negative til at kan gjevast løyve til å **utvide eksisterande hytter** evt bygging av anneks i området t d Haugastøl og Ustaoset. Den samla belastninga for villreinen i fjellområda i Hol og nabokommunane, må leggjast til grunn i samband med alle utbyggingar i kommunen 2024- 2036, jmf Naturmangfaldslova § 10.
- 3) Som følgje av punkt 1) ovanfor, vil me støtte innspelet frå Statsforvaltaren om at området på **9,9 dekar ved Tuva turisthytte** vert tekje ut av arealplanforslaget. Området ligg langt inne på snaufjellet ca 1200 meter over havet og innafor det nasjonale villreinområdet for Hardangervidda. Å utvida næringsareal rundt Tuva turisthytte, vil vere stikk i strid med nasjonale føringar jmf Naturmangfaldslova § 10.
- 4) Dey er positivt at ca 1000 dekar med utbygging på myr no er trekt ut av planforslaget. Det er likevel i denne kommuneplanen, framleis mange **dekar med myr** som er sett av til utbyggingaformålt. Dette er svært uheldig då myr lagrar mykje karbon som lett vert brote ned til klimagassen CO2 hvis myra vert drenert. Me vil minne om at Stortinget har nyleg gjort eit anmodningvedtak der dei ber Regjeringa leggje fram forslag om forbud mot nedbygging av myr for å redusere klimagassutslepp, redusere flaumfare ved ekstremver og ta vare på truga artar.
- 5) Me meiner at det er heilt uaksektabelt å **byggje ned dyrka og dyrkbar mark** på områder som t d Sveinrud B1, Halstensgård KBA4/IDR og Kvisla LSB3. Totalt er det i dette planforslaget lagt opp til å bygge ned ca 1000 daa landbrukareal. Dette er sjølvsagt heilt uaksektabelt!

Her er det prat om samanhengane lanbruksområder og kulturmark. Med krig i Europa og ein Midt Austen som nærmast står i brann, er ikkje dette tida for å byggje ned matberedskapen her i landet. Tvert imot, er dei nasjonale føringane no vorte innskjerpa m h t jordvern, sjå *Nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor jordvern - klargjering av motsegnspraksisen* i rundskriv M-1/2025.

- 6) Dette planforslaget legg opp til at det skal byggjast ned ca 26 000 dekar med **ubebygd naturareal**. Det er sjølvsagt uheldig at sopass store naturområder vert bygd ned. Kvar einast kvadratmeter **bitt netto klimagassen CO2**, gjennom naturleg å lagre CO2 i fotosyntesa. Hvis dette planforslaget vert realisert, vil mykje av denne CO2fangsten forsvinne på dei store utbyggingsareala i kommunen. I Klimaplanen for Hallingdal står det mellom anna:

"Naturen er viktig i klimagassregnskapet, fordi den tar opp CO2 og den lagrer CO2. Arealbrukssektoren er derfor en nøkkelsektor for økt karbonopptak og utslippsreduksjon. Det er derfor viktig å se sammenhengen mellom natur og klima, for at vi skal nå klimamålene."

Det er difor svært viktig at kommunen følgjer prinsippet om **arealnøtralitet**. Når eit areal vert bygd ut , må eit tilsvarande godkjent utbyggingsareal fjernast frå kommunekartet. 83 kommuner i Norge har so langt innført arealnøytralitetsprinsippet.

Desse kommunane kan søkje statlege midlar for å ta vare på naturen i si kommune. Hol kommune burde gå fyr og innføre eit slikt prinsipp, som eit fyrste steg, for å nå måla i Naturmangfaldavtala.

Stortinget har slutta seg til **Naturmangfaldsavtala frå Montrael i desember 2022** og med det gjett nasjonale føringar til fylker og kommuner i Norge. Med denne avtala har Norge forplikta seg til å **verne** 30% av naturområda i Norge og **restaurere** 30% av øydlagt natur innan 2030.

Me vil foreslå at Hol kommune vernar alle myrer og våtmarksområder i kommunen. Det same gjeld vernskog opp mot snaufjellet. Hol bør også restaurere øydlagt natur t d der utbygging har ført til store unødvendige naturinngrep.

7) For å få ned **klimagassutsleppa**, som er eit nasjonalt ynskje, bør kommunen stille krav til anleggsmaskiner, bussar, lastebilar og traktorar osv om nullutslepp f eks ved at det skal nyttast biodiesel HVO eller elektrisitet som drivstoff. Det må innførast eit krav om at all utbygging og drift i kommunen må ha eit klimaregskap. Hugs at Norge har forplikta seg til å redusere utsleppa av klimagassar med 55% innan 2030 (frå 1990 nivået).

Alle bygg som vert ført opp , også eldre bygg, bør ha **solceller på tak evt på veggjar**. Vidare bør alle nybygg fylgje normane for passivhus, og utbyggjar må dokumentere gjenbruk av materialar. Jordvarme kan vere eit godt alternativ i større bygg med dårlege lysforhold. Å nytte mindre betong/plast og meir fornybart trevirke er ynskjeleg.

8) Hol kommune bør verne om **stølsomrområde** som no er kome inn på UNESCO si verdsarvliste. Slike gamle kulturminne må gjevast tilstrekkeleg rom slik at stølane ikkje forsvinn i masseturismen, jamfør **Hytteveilederaen**:

"Kulturminna som skal vernast, må gjevast tilstrekkeleg rom, slik at dei ikkje blir skadde av inngrep eller auka ferdsel og aktivitet knytt til fritidsbustadene ".

9) I Plan og Bygningslova er det krav om at det ikkje kan gjerast **inngrep i eit belte på 100 meter frå vatn, bekkar og vassdrag med årssikker vassføring**. Denne regelen er viktig for å ivareta naturmangfaldet i og rundt vassdraget. Vegetasjonen som fins i dette 100 metersbeltet, stabiliserer jordsmonnet og er med på å forebyggje erosjon, flaum og skred ut mot vassdraget. I alle utbyggingssaker må 100 metersbeltet respekterast!

10)

Naturvernforbundet i Hallingdal vil påpeike at miljøtilstanden i Krøderen er frå 2025 klassifisert til **moderat** jmf Vann-Nett som Miljødirektoratet har ansvar for. I følgje Vann-Nett skuldast den moderate tilstanden i Krøderen, totalfosfornivået som er for høgt. Når tilstanden i ein vassforekomst i Norge er klassifisert som MODERAT, så er Vassforskrifta § 4 veldig tydleg: Det skal setjast inn tiltak slik at tilstanden vert GOD både kjemisk og økologisk. Tilstanden i Stranda fjorden er tilsvarande som i Krøderen.

Sidan kapasiteten på renseanlegga i Hol er sprengt spesielt i helger og feriar, er det naturleg å trekkje den same konklusjonen som me gjorde i punkt 1) ovanfor:


Alle planer om å byggje **nye fritidsbustader i Hol kommune må setjast på vent** inntil vidare. Å byggje nye hytter i Hol, vil forverre situasjonen i Stranda fjorden og Krøderen. Det vil vere stikk i strid med Vassforskrifta § 4 og det nasjonale målet om at tiltak må setjast inn slik at desse vatna skal kunne få god kjemisk og økologisk tilstand.

11) Hol kommune må gjennomføre ei omfattande **naturmangfaldkartlegging** i kommuna. Dette er spesielt viktig i samband med utbyggingar til hytter i fjellet og planlegging av løypenett. Me vil vise til Naturmangfaldlova §8-12. Det er kommunen sitt ansvar å skaffe til vege kunnskapar om naturmangfaldet i kommunen slik at kommunepolitikerane kan fatte kloke og langsiktige vedtak der hensynet til natur og miljø er ivaretekke jmf plan og bygningslova § 12 – 4.

I rapporten frå Biofokus (20.03.23) står det om Hol kommune:

"Samlet sett vurderes kartleggingsstatus for Hol kommune som «lite kartlagt» for store deler av kommunen. Arealene regnet som «ufullstendig kartlagt» er knyttet til områder med nyere DN-13-kartlegginger, større hytteområder/alpinanlegg og arealer i lavlandet. Store høyereliggende områder inkludert arealer med rik berggrunn, later ikke til å være undersøkt og er vurdert til «lite kartlagt»."

Kartet nedanfor er henta frå denne rapporten, og viser at store områder i kommunen er i liten grad kartlagt.



Figur 2. Kart som viser kommunens kartleggingsstatus. Mye av kommunen er «lite kartlagt» (rødt), i særleg grad høyereliggende områder, mens resten i stor grad er «ufullstendig kartlagt» (gul). Bare mindre arealer som kartlegges etter Miljødirektoratets instruks i 2022 er vurdert som «godt kartlagt» (grønt).

Når lokalpolitikarane gjer vedtak om utbygging utan å ha tilstrekkelege kunnskapar om naturmangfaldet i området, kan det få store negative konsekvensar for natur og miljø. Slike vedtak er ugyldige jmf forvaltningslova § 41.

Kartlegginga bør foregå gjennom alle årstidene. **Det held ikkje å berre kartleggje naturtypen i eit område- også naturmangfaldet på artsnivå må kartleggjast.** Sopp, lav, mose, frøplantar samt dyr også insekt, må kartleggjast. Det er viktig å få kartlagt større områder som kan vere interessante m h t naturmangfaldet for å skaffe tilstrekkeleg kunnskapar slik at dei mest sårbare områda i kommunen kan evt vernast.

12) **Lysforureining** er eit stort problem frå alle hyttene i fjellet . Lyset forstyrrar mellom anna insekta som slit om dagen, og me treng dirfor å gjere tiltak for å **sikre insekta** gode leveområder, ikkje minst m h t pollinering. Veglys bør ikkje vere tente på sommarstid. Slik kan kommunen spare straum og pengar! I hytter, boligar og andre bygg som ikkje er i bruk, må lyset vere sløkt!

Side 5

Stortinget har gjeitt oss nasjonale føringar om lysforureining i Hytteveiledaren

(sept 2022). Her står det mellom anna:

"Omfattande bruk av utelys gjer at mange hytteområde står som lysande byar i fjellet og langs kysten. Dette påverkar landskapsopplevinga over store område, og reduserer sjansen til å oppleve stjernehimmelen. Det kan også forstyrre døgnrytmen til plantar, dyr, og insekt. "

"Reguleringsplanar kan ha føresegner om maksimalt tal utelys eller at utandørs belysning skal avgrensast til inngangsparti. Det kan gjevast føresegner om at utelys skal ha armatur som er retta nedover, og stillast krav om bruk av lysstyringsanlegg som syter for at lyset blir dimma eller skrudd av om natta. Det kan også gjevast føresegner om fargetemperatur for å avgrense spreinga av lyset. Gatebelysning bør ikkje tillatast utanfor eventuelle sentrumsområde, og føresegnene kan regulere dette."

Naturvernforundet i Hallingdal
for styret Olav Arne Løstegaard